



Til etatsleiar barnehage og/eller skule
i kommunane i Sogn og Fjordane
og i Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Informasjon og presentasjonar etter samlinga med etatsleiarar på utdanningsområdet

Vi takkar for ei nyttig samling på barnehage- og skuleområdet 12. – 13. juni, og legg ved presentasjonar frå dei to dagane.

På denne samlinga blei det orientert om regionsvise regelversamlingar vi legg opp til hausten 2019 og våren 2020, knytt til opplæringslova kap. 9A. Vi har sendt ut informasjon om dette i eige brev til kommunane.

Vi melde og om at det vert arrangert samling for PP-tenesta den 18. og 19. september. Tema for denne samlinga er fagfornyinga. Fagfornyinga vil og vere tema for dagsamlingar 20. og 21. november. Nærmore invitasjon blir lagt ut i nær framtid.

I tillegg vert det invitert til ei samling på skuleområdet der analyse er hovudtema. Denne er lagt til 19. november i Bergen. Tilsvarande vart arrangert i Sogndal i januar.

Vi er kjent med at det blir arbeidd med lovendringar på barnehageområdet, mellom anna når det gjeld barnehagemiljø. Vi planlegg difor ein regelverksamling i på barnehageområdet haust 2019/vår 2020, men tidspunkt vil vere avhengig av når informasjon om lovendringane ligg føre.

Ynskje om tilbakemelding: Fylkesmannen vil fortsette med å invitere kommunane som **skuleigar** og kommunen som **barnehagemynde v/ etatsleiar** til årlege samlingar. Tema for samlingane vil variere, men perspektivet tek alltid utgangspunkt i etatsleiarnivået og kommunen sin rolle på området.



Vi ønskjer ein respons på korleis de meiner dette best kan bli organisert.

- Er det ønskjeleg at samlingane arrangerast på omgang mellom nord, midt og sør i embetet (i realiteten Førde, Bergen, Stord), eller bør samlingane leggast til eit fast sted?
- Er det mest hensiktsmessig med to dagar ein gang i året, der barnehage og skule har kva sin dag? Eller bør vi leggje opp til to samlingar over to dagar i året, der barnehage og skule er tema på kvar sin samling?
- Har de andre synspunkt/forslag som gjeld korleis desse samlingane kan bli arrangert for å treffe i målgruppa best mogeleg?

For oss er det viktig at desse samlingane blir opplevd som relevante og hensiktsmessige for kommunane, så tilbakemeldingar blir motteke med takk. Desse kan de sende til fmhomsv@fylkesmannen.no

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanning og verjemålsdirektør

Marianne Svege
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Side: 3/4



Side: 4/4